

Norges vassdrags- og energidirektorat
v/ Jakob Fjellanger
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo.

Søknad frå BKK Produksjon AS; Overføring av Vossadalsvatnet. Fråsegn frå Øystese Kraft AS (ØK)

BKK Produksjon AS søker om å føre vatn frå Vossadalsvatnet til Svartavatnmagasinet i Samnangervassdraget, og nytte vatnet i kraftverka der. Overføringa er venta å gje ei årleg auke i produksjon på 37,7 GWh i kraftverka i Samnangervassdraget, og vil redusere forventa produksjon i Øystese kraftverk med 20 GWh.

Grunneigarane i Øystese kraft AS har verdifulle kraftressursar i øvre del av Øystesevassdraget gjennom sitt eigarskap til fallrettar og grunn i dette området. Trass dette har grunneigarane ikkje teke initiativ for å utvikle dette området. Tvert om - Øystese Kraft har vist respekt for lokalsamfunnet, og andre offentlege mynde sine klare føringar i samband med vernesaka og jobba for at det urørte og verdifulle rekreasjonsområdet frå Fitjadalsvatnet og oppover skal vera urørt. Vi vart på bakgrunn av dette svært overraska då vi fekk vite at BKK ville söke om å gjere inngrep i det verdifulle Vossadals- og Fitjadalsområde samt å söke om å få ekspropriere grunn- og fallrettar av oss og andre for å få tilgang til netto produksjon på 17,7 (37,7-20) GWh frå Øystesevassdraget. Med bakgrunn i dette er vi i mot at BKK får konsesjon til å overføra vatn frå Øystese til Samnanger. Både pga den store miljøkonsekvensen samt at det vil redusere moglegheitene for ei utvikling av Øystese kraftverk i eigen regi.

Bakgrunn:

Øystesevassdraget vart for fleire år sidan foreslått verna frå fjord til fjell med bakgrunn i at lokalsamfunnet ikkje ønska BKK si planlagte overføring frå Vossadalsvatnet til Samnanger. I forbindelse med denne prosessen viste grunneigarane i ØK Kvam herad at det var mogleg å utvikle eit prosjekt nedstraums Fitjadalsvatnet, som ikkje var i konflikt med viktige verneverdiar knytt til det inngrepssfrie rekreasjonsområdet frå Fitjadalsvatnet og oppover. På bakgrunn av dette endra Kvam herad sitt vedtak, og anbefala etter dette primært delt vern (vern av øvre del, ikkje vern av nedre del). Hordaland Fylkeskommune var også positiv til utnytting av nedre del. Vidare innstilte NVE på vern då det ikkje er anledning til å innstille på delt vern. Regjeringa avgjorde etter dette å ta Øystesevassdraget ut av verneplanen, men i instillinga kjem det fram at det eksisterer viktige miljøverdiar som det må takast omsyn til. Dette har grunneigarane i Øystese kraft AS "lytta til" og prosjektet er difor planlagt så miljøskånsamt som mogleg:

- Elvekraftverk, ikkje vassregulering
- Inntak nedstraums Fitjadalsvatnet
- Vassveg og kraftstasjon plassert i fjell (225 meter fall, kote 260-35), og vil dermed ikkje være synleg
- Vatnet kjem tilbake i elva ved "Laksehølen" der grense for anadrom strekning ligg. Omlaupsventil i kraftstasjon er også lagt inn som ein føresetnad
- Sesongtilpassa minstevassføring for å ta vare på Ørredalsfossen samt mindre biologiske verdiar

Vi kan ikkje sjå at BKK har planlagt sitt prosjekt ut i frå samme miljøaspekta. Dette kom også tydeleg fram på Folkemøte i Øystese i august då fleire fleire brukarar og grunneigarar i området var svært negativt til søknaden frå BKK. Fleire hadde kjempa mot denne overføringa i fleire tiår, og det var difor fleire enn ØK som var spørjande til kva mandat BKK hadde til å omsøke dette alternativet.

Vi har følgjande kommentarar til konsesjonssøknad og konsekvensutredning (KU)for "Overføring av Vossadalsvatnet:

Samfunn

I motsetnad til ØK eig ikkje BKK grunn- eller fallrettar for sitt tiltak, og søker etter oreigningslova der naudsynte grunn- og fallrettar ikkje vert oppnådd. Basert på erfaringsprakksis kan vi ikkje sjå at tiltaket til BKK, på tilførsel av netto 17,7 GWh til samfunnet, forsvarar konsesjon og samtykke frå Oreiningslova ut ifrå kva positive samfunnsverdiar som må ligge i eit slikt tiltak.

Det har ikkje vore naturleg for Øystese Kraft å forhandla med BKK om kompensasjon for ei eventuell overføring frå Vossadalsvatnet. Ei slik overføring er ikkje ønskeleg sett frå grunneigarane si side, og såleis ikkje eit spørsmål om pengar. BKK sa på NVE sitt folkemøte i Øystese 29. august at dei ved ei overføring ville kompensera verdiane "fullt ut". I all den tid det ikkje er ført forhandlingar veit ikkje ØK kva som ligg i "fullt ut". Det vi veit i frå tilsvarende saker er at dersom ein ikkje finn ei frivillig løysing er det vanleg rettsprakksis at falleigarane får erstatta vesentleg mindre enn dei reelle verdiane, dette fordi retten legg til grunn at grunneigarane ikkje er i stand til å utvikle og byggje prosjektet i eigen regi, og difor må leige vekk fallrettane.

Overføring av vatn frå Vossadalsvatnet har ved sida av dei miljømessige utfordringane ei negativ effekt som me ønskjer at NVE skal ta med i si vurdering; Ved overføring vert Øystese Kraft sitt prosjekt redusert med om lag 20 GWh. Som følgje av dette aukar den spesifikke utbyggingsprisen frå 2,86 til 3,50 kr/kWh. Dette aukar risikoen i prosjektet vesentleg. Øystese Kraft sitt prosjekt, utan BKK si overføring, kan fullfinansierast med banklån. Med BKK si overføring, er det truleg ikkje mogleg for grunneigarane å utvikle prosjektet i eigen regi då dette vil krevje fleire titals millionar i eigenkapital. I eit slikt tilfelle vil ein då måtte inngå samarbeidsavtale med ein ekstern utbyggjar, med det som resultat at om lag 40 % av prosjektverdien tilfell eksterne eigarar.

Friluftsliv, jakt og fiske

Konsekvensar i driftfasen for Fitjadalen som friluftsområde:

Fylkesmannen og Hordaland Fylkeskommune har i si kartlegging av regionalt viktige friluftsområde klassifisert Fitjadalen som eit "svært viktig område". Det tilseier stor verdi. I si vurdering av omfanget av redusert vassføring har dei oppgjeve "middels negativt" i tabellen på side 3 og "liten til middels negativt" i teksten på side 35. Dette burde tilseie minst "middels negativ konsekvens (-)" samla sett for Fitjadalen. I den samla vurdering, der dei har konkludert med "liten negativ konsekvens (-)" tek dei "gjennomsnittet" av konsekvensane for fleire område og fleire tiltak. Her bør dei vel strengt tatt vektlegge Fitjadalen, sidan det er det klart viktigaste friluftsområdet. Det seier seg sjølv at dersom ein brukar "gjennomsnittsvurderingar" når ein skal fastsetje endeleg konsekvensgrad, då vil det då løne seg å ta med mange marginale problemstillingar for å "kamuflere" det som eigentleg er essensen; nemleg konsekvensane for Fitjadalen som friluftsområde.

Vi meiner tap av INON burde òg vore kommentert i denne rapporten. INON er minste like relevant når det gjeld friluftsliv som naturmiljø og landskap. Undersøkingar har vist at folk kan endre bruken si av eit område, eller få redusert utbytte av å bruke det, sjølv om dei fysiske spora kan vere små. Kjennskapen til at område er berørt av tekniske inngrep kan vere nok for enkelte.

Så vidt vi kan sjå er moglege konsekvensar for fisket i Vossadalsvatnet eller Fitjadalselva ikke nemnt med eit ord. Er dette ei irrelevant problemstilling, eller har Sweco rett og slett gløymt å omtale det?

Ettersom omsynet til friluftslivet i Fitjadalen er ein av dei største innvendinga mot BKK sitt prosjekt meiner vi at manglane/feilvurderingane i denne rapporten bør vektleggjast.

Landskap og INON

Landskapsrapporten har også ei relativt "overfladisk" omtale av INON. Tap av INON er knapt nemnt ved vurdering av omfang og konsekvensar på landskap, men ei kort omtale er lagt ved som eit "vedlegg" (del II). Bortfall av 7,7 km² av INON sone 2 (pluss litt INON sone 1) og nedgradering/omklassifisering av 8,2 km² av INON sone 1 er i våre auger ikkje eit "lite omfang". Det at INON i fleire rapportar blir "gøynt vekk" og ikkje fokusert på i verdi-, omfangs- og konsekvensvurderingane er etter vår mening ei vesentleg svakheit ved fleire av utgreiingane.

Kumulative verknader / samla belastning er spesielt relevant for temaet landskap i eit fjellområde som allereie er betydeleg påverka av utbygging (Samnanger, Hamlagrø, etc). Dei gjenverande, inngrepstilfelle restareala blir då desto meir verdifulle. Rapporten manglar heilt vurderingar rundt dette.

Naturmiljø / biologisk mangfold

Elvemosevegetasjonen ved utløpet av Vossadalsvatnet er ein vegetasjonstype som er klassifisert som "sterkt trua". Dette tilseier at verdien er stor. I konsekvensvurderinga er denne lokaliteten "kamuflert" under posten "Karplanter, moser og lav" for heile delområdet "Vossadalsvatnet og Vossadalselva" istadenfor at dei vurderer konsekvensane for forekomsten isolert sett. Ellers viser dei til ein Cruz de Carvalho (fann ikkje denne personen i referanselista), som hevdar at "*Elvemosevegetasjon tørker inn og invaderes av andre tørketolerante arter dersom vannføringen opphører over lengre perioder, men tåler midlertidig tørrlegging dersom vannføringen gjenopptas gradvis*". Slik vi oppfattar prosjektet til BKK er det her snakk om ei sterkt redusert vassføring som blir stabilt låg, og som ikkje tek seg opp igjen. Liten til middels negativ konsekvens (-/-) meiner vi difor ei veldig "snill" vurdering.

BKK nemnde på folkemøtet at villrein var inkludert under naturressursar og ikkje naturmiljø fordi den blir forvalta som tamrein. Dette er vi usikker på ettersom reinen ikkje lenger blir sanka inn og slakta, men let den leve fritt og jaktar på den som "vanleg" villrein. Vi synest med andre ord dette høyrest litt rart ut. Vi ser også at reinen er nemnt under "avbøtande tiltak" i naturmiljø-rapporten, men ikkje under områdebeskrivelsen.

Fisk/ferskvassbiologi

Metodisk ser delar av feltarbeidet stort sett greit ut, men vi stussar over at det ikkje er utført prøvefiske med garn i Vossadalsvatnet ettersom dette ofte blir gjort i slike saker.

Det står vidare skriv at det er gyteplassar i utløpet av Vossadalsvatnet, både ved munningen og litt nedover i elva (s. 27). I konsekvenskapitlet, som er svært kort/tynt, er konsekvensane for fiskebestanden i Vossadalsvatnet ikkje nemnt med eit ord og vi har følgande spørsmål til dette:

1. Kva skjer med bestanden i vatnet dersom gyteområda i utløpet vert utilgjengelege?
2. Er det tilgjengeleg gyteareal i innløpselva i nord som kan oppretthalde denne bestanden?
3. Kvifor har dei ikkje elektrofiska eller bonitert innløpselva i nord for å få stadfesta dette?

Elles finn vi 2 og ½ side med omtale av plankton og botndyr, men vi finn ikkje ei einaste linje om konsekvensane av overføringa for desse artsgruppene.

Vi synest også der er litt rart overføring av så mykje vatn til eit anna vassdrag ikkje vil få større konsekvensar for lokalmiljøet i sjøbassenget i Øystese enn det som vart hevda av BKK sin representant.

Landbruk

Elva som gjerde:

Reduksjon og tap av elva som sjølvgjerde, fører til meir arbeid både i beitesesongen og om hausten under sankinga. Vossadalshola er vel den mest utsette i så måte. Vi finn ikkje at desse utfordringane er teke opp i rapportane samt at det er lagt opp til å avbøte dette på noko måte.

Redusert utbygging:

Grunneigarane i Øystese kraftverk ser på prosjektet som ei viktig tilleggsnæringskilde til tradisjonelt landbruk då fleire av desse driv aktivt jordbruk. I så måte vil ei overføringa av vatn frå Vossadalsvatnet, ved sida av dei miljømessige utfordringane, ha ei negativ effekt for verdiskapinga for Øystese Kraft sitt prosjekt som igjen vil svekke dette som ei tilleggsnæringskilde til landbruket i området.

Oppsummert

Generelt synest vi fleire av rapportane er ganske "tynne", og det er slett ikkje alle konklusjonar som er like godt grunngjeve ettersom det er ein del "synsing" og få referansar til relevante studiar. Vi saknar også ei vurdering av dette med samla belastning / kumulative verknader av fleire tiltak i same området, ettersom dette **ikkje** vurdert i det heile. Dette er gjort i søknaden for Øystese kraftverk.

Det er vidare vårt håp og ønskje at NVE støttar det lokale initiativet Øystese Kraft. Det er dette prosjektet som er utvikla i tråd med dei føringar gjeve tidligare i forbindelse med verneprosessen. Det er også vår oppfatning at kun dette alternativet vil kunne gje monadleg med verdiskaping og ny produksjon samstundes som det er utvikla i tråd med miljøverdiane i vassdraget.

Med helsing

Per Rykken
Dagleg leiar

Martin Vik
Styrelseleiar